

Bergen kommune
v/ Byrådsavd. for byutvikling, klima og miljø

Dato: 09.09.2015
Vår ref.: 2014/13277-45
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Svar på brev vedkommande bystyret si handsaming av sak 203/14 - Fv 556 og Fv 174

Det vert vist til dykkar brev av 22.09.2014 vedkommande bystyret si handsaming av sak 203/14. Dette gjeld spørsmål om trafikksikringstiltak på fylkesveg 556 og fylkesveg 174 i Ytrebygda bydel.

Gjennom sams vegadministrasjon er Statens vegvesen underlagt fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegnett, og med det har også Statens vegvesen det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane. Fylkeskommunen sendte difor saka til Statens vegvesen for ei trafikkfaglege utgreiing.

I Statens vegvesen sitt svarbrev av 08.07.2015 rår dei til at det ikkje vert gjennomført nye trafikksikringstiltak på Fv 556 Hjeltestadveien (Tefreflaten). Ut frå dagens situasjon så er det ikkje grunnlag for verken trafikksikringstiltak som fartsdemping eller evt. gangfelt.

Vidare, når det gjeld Statens vegvesen si vurdering av spørsmålet om trafikksikringstiltak i kryss ved Fv 174 Mildevegen/Grimseidvegen så finn dei heller ikkje her at det ut frå noverande situasjon er grunnlag for å etablere gangfelt.

Fylkeskommunen heldt fast på Statens vegvesen sine vurderingar. Dei ulike problemstillingane rundt spørsmåla om etablering av trafikksikringstiltak på fylkesveg 556 og fylkesveg 174 er godt utgreidd, mellom anna gjennom innhenting av ulike typar dokumentasjon, jf fartsmålingar, teljingar osb. og dei handbøkene som gjeld etablering av trafikksikringstiltak.

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Brev av 08.07.2015 frå Statens vegvesen